

Sikkerheit i tunnelar som ikkje er oppgraderte

Målet med tilsynet var å undersøke om Statens vegvesen, gjennom periodiske inspeksjonar, tek i vare sikkerheita i tunnelar som ikkje er oppgraderte etter tunnelsikkerheitsforskrifta.

PROBLEMSTILLING

Har og brukar Statens vegvesen eit tilstrekkeleg og effektivt styringssystem for planlegging, gjennomføring og oppfølging av periodiske inspeksjonar slik at minste tillate sikkerheitsnivå i tunnelar blir sikra?

Region	Tal	Inspisert for seint	% Inspisert for seint
Nord	38	11	29 %
Sør	21	0	0 %
Øst	13	8	62 %
Vest	93	3	3 %
Midt	11	1	9 %
Tot	176	23	13 %

Oversikt for tunnelar frå tunneloppgraderingsprogrammet som ikkje er inspisert etter seksårsfristen for heile landet.

Tunnel	Region	Veg	Svakhet (tot)	Avvik (tot)	Avvik og svakhet (tot)	Punkt inspisert
Lunnertunnelen	Øst	E16	8	16	24	79
Gruatunnelen	Øst	Rv4	13	30	43	81
Rælingstunnelen	Øst	Rv159	-	-	-	-
Vabakkentunnelen	Sør	Rv36	5	0	5	75
Vågsliedtunnelen	Sør	E134	21	28	49	106
Vatlandtunnelen	Sør	E39	16	18	34	113
Beitlatunnelen	Vest	E16	10	17	27	54
Stalheimtunnelen	Vest	E16	14	17	31	54
Risnestunnelen	Vest	E16	4	13	17	55
Eikefettunnelen	Vest	E39	13	18	31	55
Røldalstunnelen	Vest	E134	30	14	44	105
Viggjatunnelen	Midt	E39	25	17	42	123
Brekktunnelen	Midt	E39	26	17	43	122
Gyltunnelen	Midt	Rv70	11	46	57	99
Brattlitunnelen	Nord	Rv827	-	-	-	-
Efjordtunnelen	Nord	Rv	-	-	-	-
Tennflågtunnelen	Nord	E6	18	45	63	100
Tot			214	296	510	1221
Gjennomsnitt			15	21	36	87
Prosent			18 %	24 %	42 %	100 %

Omfanget av avvik og svakheiter for 14 tunnelar, utval frå alle regionane for å vise korleis avvik og svakheit er i høve til inspiserte punkt

KRAV

Statens vegvesen skal organisere periodiske inspeksjonar med klar fordeling av rollar og ansvar. Styringssystemet skal vise korleis Vegdirektoratet skal planlegge, gjennomføre og følge opp perio-

diske inspeksjonar og sikre at krav blir følgd.

Proessen for periodiske inspeksjonar med tilhøyrande krav- og hjelpedokument skal vere utarbeidd og implementert i organisasjonen.

OMFANG AV TILSYNSSAKEN

Vegtilsynet bad om tre inspeksjonsrapportar frå kvar region og fem frå Region vest, fordi denne regionen har flest tunnelar.

fekk 14 rapportar, då det var 3 av tunnelane som ikkje hadde gjennomført periodisk inspeksjon.

Det blei undersøkt i intervju korleis Vegdirektoratet følgde opp funna som blei avdekkja i dei periodiske inspeksjonane.

Desse 17 tunnelane utgjorde ca. 10 prosent av alle tunnelane som skal oppgraderast. Vegtilsynet

såg på avvik og svakheiter som var registrert for dei 14 tunnelane.

FUNN

Tilsynssaka viste at Vegdirektoratet ikkje har ein overordna nasjonal plan for gjennomføring av periodiske inspeksjonar av tunnelane som ikkje er oppgraderte, og at 87 prosent av dei periodiske inspeksjonane blir gjennomførte, men ikkje følgd opp av Vegdirektoratet i tråd med krav. Det har vore gjort eit arbeid med prosessane i kvalitetssystemet, men å utarbeide sentrale retningslinjer gjenstår.

Vegtilsynet fann også at Vegdirektoratet:

- ikkje har organisert gjennomføring av inspeksjonar på ein slik måte at den sikrar uavhengige vurderingar
- ikkje har sikra at gjennomføring av periodiske inspeksjonar avdekkjer om minstekrav i tunnelsikkerheitsforskrifta blir følgd
- ikkje følger opp dei periodiske inspeksjonane
- ikkje har oppdaterte sentrale retningslinjer